



I morgon
Skya eller overskya og regnbyer.

Torsdag
Skiftande skydekke og nokre regnbyer.



Solen
I dag: 06.59 - 20.10
I morgon: 07.02 - 20.07
Dagen er 6 tim. og 22min. kortere enn ved sommersolverv.

Månen
I dag: 19.35 - 08.35
I morgon: 19.42 - 09.54

Varsel for oljeinstallasjoner i dag

Stasjon	Vindstyrke
Statfjord	+13 m/s
Frigg	+14 m/s
Sleipner	+14 m/s

Flo
I dag: 00:00 - 12:26
I morgon: 00:32 - 12:57

Fjære
I dag: 06:09 - 18:17
I morgon: 06:38 - 18:46

Data fra Statens kartverk Sjø. Inr 617

Firdaposten

KVELDS-/HELGEVAKT

Tlf. 957 38 784



Jan Roar Hatlem

godt sagt

«Velgere avgjør ikke saker. De avgjør hvem som skal avgjøre sakene.»

George F. Will



TIPSTELEFON
57 75 73 03

SMS-TIPS – send med kodeord fptips til 2097

HAR DU IKKJE FÅTT AVISA?

Måndag–fredag:
57 75 73 00 (kl. 8–15)

Laurdag:
57 83 33 99 (kl. 8–11)

FIRDAPOSTEN • TYSDAG 13. SEPTEMBER 2011

Inviterer til krim og spenning på Kysten

FLORØ: Torsdag kan du avlagere frå valet med spenningsforfattar Bjarte Sindre og krimforfattar Rune Timberlid på Kysten Bar i Florø.

ARVE SOLBAKKEN
arve@firdaposten.no

Det såkalla bokbadet er eitt av fem arrangement som Krimfest Vest i samarbeid med Sparebanken Vest har lagt rundt om i Sogn og Fjordane.

Bokbadar i Florø den 15. september er kultursjef Edvin Helgheim. Han vil intervju dei to forfattarane om dei siste bøkene dei har gitt ut.


Bjarte Sindre kom for ei tid sidan

med si fjerde bok i serien Odins smykke, der handlinga er lagt til vikingtida. I den nyaste boka, med tittelen Møyfrid, føregår mykje av handlinga på Bru som i dag heiter Svanøy.

Rune Timberlid er aktuell med kriminalromanen Sanct Svithuns gåte der politibetjent Rolf Randen for sjette gongen skal løyse kriminalgæter i Sogn og Fjordane. Denne gongen er handlinga lagt til eit kystmiljø, først og fremst Selje og Vågsøy.

Hovudarrangementet til Krimfest Vest vert i Førde i tida 28. september til 1. oktober.

VIKINGROMANAR: Bjarte Sindre er ute med si fjerde bok frå steinalderen, og handlinga i den siste føregår på Bru, dvs. Svanøy.



Strandrydding

Laurdag 17 september vert den nasjonale stradryddedagen som del av ei internasjonal rørsle, arrangert for første gong. Sjøppel på strendene er «herrelaust» avfall og representerar eit stort problem for dyrelivet og naturen. Flora kommune i samarbeid med Sørstrand Folkepark står som arrangørar, og vil ha ein base med konteiner, søppelsekkar og hanskar på Sørstrand. Anders Espeseth, arealplanleggar i kommunen, oppmodar folk om å møte opp og ta med seg litt utstyr, som jernrive, hagesaks og spade. – Dette er eit nytt tiltak, så vi prøver oss litt fram no i første omgang. Vi tek i første rekke sikte på å rydde strendene rundt Sørstrand, men med mykje folk vil vi kunne spre oss vidare. Vi oppmodar elles folk til å rydde i sitt nærrområde. Få med deg nabolaget, bruk eit par timar og få rydda opp langs strendene, seier han.

OVANFRÅ OG NED

Nordsida av Havreneset sett frå sørvest.

Foto: Dag Nesbø Frøyen



Kjøpe flyfoto: Ønsker du å kjøpe flyfoto frå Firdaposten? Send bestilling til redaksjon@firdaposten.no og merk e-posten med «Flyfoto». Kr 300 for A4 og 500 for A3 (+ev. porto)